



Ing. Taule as
Kvassnesvn 33
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/885 - 18/10323

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
27.06.2018

Byggesak Gbnr 38/73 Helland og 98/89 Mellingen - skytebane - stadfesting av mottak av opphøyr av ansvarsrettar og varsel om bortfall av løyve til tiltak

Radøy kommune stadfestar å ha motteke varsel om opphøyr av ansvarsrett frå føretaket Ingeniør Taule AS i rolla som søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

Ansvarsrettar for føretaket Ingeniør Taule AS opphøyrar per 26.06.18.

Føretaket Ingeniør Taule har opplyst at:

Det er som de veit gitt ferdigattest for skyteanlegg med internveg og parkeringsplass for 100m bana. Dermed er bana operativ uten involvering av ansvarleg søker og det skulle være god tid til å hente inn nye fagansvarlige for vidare utviding av standplass/skivearrangement og resterande delar av anlegget.

Bortfall av løyve til tiltak og avslutta sak

Det er i sak 292/09 av 19.11.09 gjeve rammeløyve for oppføring av nytt lagshus/skyttarhus, bygningar for standplassar, parkeringsplass med tilkomstveg, samt fundament for og skivearrangement med tilkomstveg i samband opparbeidning av ny skytebane.

Det er i sak 266/12 av 14.11.12 gjeve igangsettingsløyve for heile tiltaket.

Det er i sak 215/15 av 04.09.15 gjeve løyve i eitt-trinn for internveg til skivearrangement og standplass 100 meter bane. Samstundes er vedtak i sak 292/09 (rammeløyve) og 266/12 (IG) endra for den del som gjeld skyttarhuset, slik at skyttarhuset og VA er trekt ut av søknaden.

Det er gjeve ferdigattest for skytebane med standplass og skivearrangement 100 meter bane, parkeringsplass og internveg i vedtak av 28.04.18.

Eit løyve til tiltak er gyldig i tre år etter dato for rammeløyve, jf. plan- og bygningslova 1985 § 96. Kommunen legg til grunn at rammeløyve frå 2009 er bortfalt etter pbl. § 96 for dei tiltaka som det ikkje er gjeve ferdigattest for 28.04.18. Byggesaka vert på dette grunnlaget avslutta og eventuelt nye tiltak/arbeidar på skytebana vil krevje at det vert sendt inn ny søknad om løyve til tiltak.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ing. Taule as Radøy Skyttarlag	Kvassnesvn 33 Radøyvegen 1739	5914 5936	ISDALSTØ MANGER
-----------------------------------	----------------------------------	--------------	--------------------